



Dette er steingarden som Endre Harald Wang vil fjerna. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Endre Harald Wang har søkt kommunen om å få fjerna ein steingard i dyrka mark på nedsida av fylkesvegen mellom eiendommene sine på Haugland. Steingarden deler av to areal på 7 og 8 mål. Eit større areal på 15 mål vil gjera jordbearbeidinga raskare.**

Wang leiger til hausting og pakking av siloballar. Steingarden er mange plassar rasa saman og står til nedfalls. Under slått blir fleire meter på kvar sida ståande att på grunn av faren for å øydeleggja utstyr viss ein køyrer over stein.

Steinen ønskjer Wang å bruka til å heva areal rett ovafor fylkesvegen som er svært blautt. Sjølv om denne siengarden blir fjerna vil det vera att mange steingarden på eigedomen til Wang. Som ein kuriositet nemnar han at denne steingarden vart parallellflytta nokre meter i samband med eitt jordskifte på heile Haugland.

Wang kjem i brevet sitt inn på at gjødselprisane har auka med over 100 prosent det siste året, noko som gjev dårlegare økonomi i landbruket. Han har gjort og gjer mottiltak. All gamal eng blir direkte sådd no i haust - det er rundt 35 mål. Før neste sesong blir all eng kalka opp til Ph over 6. Wang reknar med bruk av 30 tonn skjellsand. Og fjerning av steingarden og heving og uttørking av blautare eng er nokre av tiltaka han vil setja i verk.

Eit tiltak som dette krev samtykke frå kommunen etter forskrift om produksjonstilskot. Der står det at med mindre kommunen gjev sitt samtykke, kan foretak som mottek slikt tilskot ikkje gjera inngrep som er av betydning for kulturlandskapet. Som inngrep her reknast ikkje tiltak som må betraktast som normal skjøtsel av eigedomen.

Av Ola Matti Mathisen